

MØTEPROTOKOLL

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs

Møtedato: 30.10.2007
Stad: Kommunestyresalen

Handsama saker: Frå nr. 78 - 86

Frå kl. 09:00 til kl. 14:30

Innkalte:

Funksjon	Navn	Forfall	Møtt for
Leiar	Anne Kjersti Frøyen		
Medlem	John Storhaug		
Medlem	Birger Jorde		
Medlem	Sigmund Tveitehagen		
Medlem	Mette Feten		
Medlem	Knut Haug	X	
Medlem	Lise Løvdokken Stolen		
Varamedlem	Tor Veslegard		Knut Haug

Diverse merknader:

Frå administrasjonen møtte: Olav Warberg (sak 78-82), Trond-Erik Buttingsrud (sak 83-84), Kjell Kløve (sak 86) og Reidun Aaker (heile møtet). Rådmann og økonomisjef orienterte om framlegg til økonomiplan og budsjett i starten av møtet felles for alle sektorutvala.

Underskrifter:

..... Anne Kjersti Frøyen John Storhaug Birger Jorde
..... Sigmund Tveitehagen Mette Feten Tor Veslegard
..... Lise Løvdokken Stolen

Møteprotokollen er sendt:

Medlemmene, 1. varamedlemmer, ordførar, rådmann, økonomiavdelinga, kommunelege I, 10.2 representant, medlemmene i kontrollutvalet, servicetorget, Ål bibliotek, Hallingdølen og Radio Hallingdal.

SAKSOVERSIKT

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
78/07	07/1629	MELDINGAR TIL MØTE I STNR 31.10.07
79/07	06/1313	92/5 - DISPENSASJONSSØKNAD - UMLEIGEHYTTE VED TVIST
80/07	07/808	55/6 - KLAGE PÅ VEDTAK OM DISPENSASJON TIL FRITIDSTOMT
81/07	07/1485	58/47 - UTHUS OG ANNEKS PÅ HYTTETOMT I LANDBRUKSOMRÅDE - MYSET
82/07	07/1514	50/18 - DISPENSASJONSSØKNAD - TILBYGG HYTTE - ÅSETNO
83/07	07/275	SNØSKUTERLØYVE/MOTORFERDSEL I UTMARK . HALLINGDAL SKADE OG VEDLIKEHOLD AS
84/07	06/1109	MINDRE VESENTLEG ENDRING AV REGULERINGPLAN FOR GAURHOVD OG GRAVASTØLANE SAMEIGE
85/07	07/1521	FELLESPROSJEKT FOR HALLINGDAL - VATN - AVLØP
86/07	07/1671	ØKONOMIPLAN 2008 – 2011 MED ÅRSBUDSJETT 2008

Saksnr. 78/07

MELDINGAR TIL MØTE I STNR 31.10.07

Rådmannen si innstilling:

Ingen

Handsaming:

Ingen vedtak gjort.

Vedtak:

Ingen

Saksnr. 79/07

92/5 - DISPENSASJONSSØKNAD - UMLEIGEHYTTE VED TVIST

Rådmannen si innstilling:

STNR vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 20-6 å avslå søknaden om dispensasjon for bygging av utleigehytte på Tvist, då det i denne saka ikkje er overvekt av særlege grunnar til å dispensera i høve til samfunnsinteressene knytt til konsekvensane for villreinen sitt leveområde – jf. § 7.

Som grunngeving for avslaget legg STNR vekt på at ei utleigehytte på Tvist aukar vinterferdsla i samband med frakt av folk og utstyr til/frå området, og aukar bruken av ferdselsomkrinsen innover i villreinen sitt leveområde mot Djup og oppunder Reineskarvet. Villreien er allereie på vikande front i området ved Tvist. Utleigehytta vil forsterka ferdsla og svekka marginane knytt til levevilkåra for villreinen.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan 3 veker frå vedtaket er motteke.

Handsaming:

Fråsegn frå Villreinutvalet for Nordfjella datert 19.10.07 vart delt ut til utvalet i møtet.

Rådmannens framlegg vart vedteke med 5 røyster (2 V, 2 SP og 1AP).

Mindretalet på 2 (H og KrF) røysta for følgjande framlegg frå Tor Veslegard (H) og Birger Jorde (KrF):

STNR vedtek med heimel i §7 i plan- og bygningslova gje dispensasjon til oppføring av utleigehytte ved stølen Tvist i Ål i samsvar med søknad frå Inger Elise og Lars Kaslegard. Grunngevinga for dispensasjonen er at dette er ei utleigehytte som vil styrka næringsgrunnlaget for garden og vil ha verdi for stølsdrifta. Det er i samsvar med nasjonale målsettingar å oppretthalda landbruket. STNR legg vidare vekt på at denne utleigehytta ligg ved ein støl i drift og ser det av stor verdi at stølsdrifta vert oppretthalde. STNR vil peika på at det har vore ein dramatisk nedgang i aktiv stølsdrift dei siste åra. Etter denne vegen, frå Vats til Toviken, er det i dag att berre 2 mjølkeleverandørar av kumjolk og 4 av geitemjolk. Tidlegare var det over 30 stølar med mjølkelevering etter denne vegen.

Villreininteressene:

STNR kan ikkje sjå at denne utleigehytta vil vera til skade for villreinen. Hytta vil ligge ved eit vegkryss, sumarvegen til Hovet og til Toviken. Om vinteren ligg den like ved stikka og maskinelt preparert skiløype. Bortleige av utleigehytta om vinteren vert stort sett avgrensa til påske og vinterferie og då vert skiløypa køyrt dagleg med tråkkemaskin og det er i desse vekene mange som brukar skiløypene. I desse vekene vert også stølsbua til Kaslegard i Tvist bortleigd og STNR kan ikkje sjå at ei utleigehytte som omsøkt vil ha nokon som helst negativ verknad for villreinen. Det er elles grunn til å peika på at trafikken i fjellet i "gamle dagar" var mykje større enn den er i dag med aktiv stølsdrift over alle fjell. Om vinteren var det heimkøyting av høy og stølsprodukt og innkøyting av byggematerialar, og gjeting av tamrein. LNF-villreinområde utgjer ein stor del av Ål sitt totale areal. Det er også verneområde i Ål på ca 100.000 da (Fødalen).

STNR ser ikkje at ein dispensasjon i denne saka vil ha presedensverknader for andre søknader om dispensasjon av di kvar søknad skal handsamast som enkeltsøknader og ut frå søknadens innhald.

Vedtak:

STNR vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 20-6 å avslå søknaden om dispensasjon for bygging av utleigehytte på Tvist, då det i denne saka ikkje er overvekt av særlege grunnar til å dispensera i høve til samfunnsinteressene knytt til konsekvensane for villreinen sitt leveområde – jf. § 7.

Som grunngeving for avslaget legg STNR vekt på at ei utleigehytte på Tvist aukar vinterferdsla i samband med frakt av folk og utstyr til/frå området, og aukar bruken av ferdselsomkrinsen innover i villreinen sitt leveområde mot Djup og oppunder Reineskarvet. Villreien er allereie på vikande front i området ved Tvist. Utleigehytta vil forsterka ferdsla og svekka marginane knytt til levevilkåra for villreinen.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan 3 veker frå vedtaket er motteke.

Saksnr. 80/07

55/6 - KLAGE PÅ VEDTAK OM DISPENSASJON TIL FRITIDSTOMT

Rådmannen si innstilling:

STNR rår til at klagen ikkje vert teken til følge, og opprettheld vedtaket i sak 250/07, 30.08.07. Grunngevinga er at klagen ikkje inneheld vesentlege nye moment for å endra vedtaket.

Klagesaka vert oversendt til Fylkesmannen i Buskerud for endeleg avgjerd.

Handsaming:

Saka vert utsett for synfaring på neste møte.

Saksnr. 81/07

58/47 - UTHUS OG ANNEKS PÅ HYTTETOMT I LANDBRUKSOMRÅDE - MYSET

Rådmannen si innstilling:

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 7 å dispensera frå landbruksføremålet i reguleringsplan sør for Løkenstjørn, for oppføring av nytt uthus < 50 m² T-BRA til fritidsføremål, og bruksendring av eksisterande uthus til anneks.

Som særlege grunnar vektlegg STNR at tomta ligg nær andre regulerte hyttetomter, og at tomteutnyttinga i hovudsak held seg innanfor ramma for LNF2-område i kommuneplanen.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan 3 veker frå vedtaket er motteke.

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

Saksnr. 82/07

50/18 - DISPENSASJONSSØKNAD - TILBYGG HYTTE - ÅSETNO

Rådmannen si innstilling:

STNR vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 7 å dispensera frå arealgrensa i reguleringsplan for Torkelstjørn, for oppføring av tilbygg på 5 m² til eksisterande hytte på 50/18 (51/13).

Som særlege grunnar legg STNR vekt på at tilbygget er lite, dei 2 uthusa er gamle og verneverdige, og at søkjaren har trong for eit utvida soverom grunna funksjonshemming. Tomteutnyttinga ligg innanfor ramma av gjeldande kommuneplan.

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan 3 veker frå vedtaket er motteke.

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

Saksnr. 83/07

SNØSKUTERLØYVE/MOTORFERDSEL I UTMARK . HALLINGDAL SKADE OG VEDLIKEHOLD AS

Rådmannen si innstilling:

Med heimel i Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 6, har Sektorutval for teknisk, næring og ressurs gjeve Hallingdal skade og vedlikehold AS løyve til bruk av skuter i si verksemd avgrensa til hytteområda i Ål utanom LNF-villreinområda og tidsavgrensa fram til 31.12.2010.

Bakgrunn for vedtaket er at det er ei etablert verksemd som søker om naudsynt køyring som ein del av drifta av verksemda. Vi ser det som lite teneleg at dei må bruke leigekøyrarar då dei ofte må ha med seg mykje utstyr og må vera fleksibel i forhold til transport til og frå arbeidsstaden. Køyringa vil i liten grad vera ei ekstra ulempe for miljøet då køyringa vil vera knytt opp til etablerte hytteområde. Det er likevel naudsynt å minne om at arbeid på hytter med sommarveg bør i størst mogleg utstrekning utførast i barmarksperioden. Søkjar vert pålagt å levere køyrebok etter kvar sesong.

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

Saksnr. 84/07

MINDRE VESENTLEG ENDRING AV REGULERINGPLAN FOR GAURHOVD OG GRAVASTØLANE SAMEIGE

Rådmannen si innstilling:

1. Med heimel i Plan- og bygningsloven § 28-1, vedtek Sektorutval for teknisk, næring og ressurs reviderte reguleringsføresegner, datert 16.07.07, for Reguleringsplan for Gaurhovd og Gravastølane sameige med følgjande tillegg:

Område for kulturminne (S2)

Området omfattar ei registrert kolgrop med ei sone rundt på 5 meter som er automatisk freda etter kulturminneloven § 4b.”

Ber om at forslagsstillar reviderer føresegnene i tråd med vedtaket, og sender oppretta føresegner til Ål kommune.

2. Sektorutval for teknisk, næring og ressurs godkjenner overordna vass- og avlaupsplan for Reguleringsplan for Gaurhovd og Gravastølane sameige.

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

Saksnr. 85/07

FELLESPROSJEKT FOR HALLINGDAL - VATN - AVLØP

Rådmannen si innstilling:

1. Ål kommune stiller seg positiv til igangsetting av Forprosjekt Vatn og Avløp i Hallingdal frå 1.januar 2008 og for ein periode på 3 år.
2. Kostnader med prosjektet, årleg kr 800 000, vert fordelt mellom kommunane slik:

Kommune	Innbyggjarar	Kostnad
Flå	989	67748
Nes	3456	136962
Gol	4435	164428

Hemsedal	1963	95074
Ål	4642	170237
Hol	4475	165551
SUM	19960	800000

3. Kommunen sine årlege kostnader, stor kr 170.237, vert innarbeid i det kommunale gebyrregulativet / budsjett frå og med 2008.
4. Kommunestyret ber om at det årleg vert levert rapport frå prosjektet til den enkelte kommune.
5. Evaluering av det 3-årige prosjektet skal evaluerast og leggjast fram for kommunestyra i juni 2010.

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke, men ordet Forprosjekt vart bytta ut med prosjekt.

Vedtak:

1. Ål kommune stiller seg positiv til igangsetting av Prosjekt Vatn og Avløp i Hallingdal frå 1.januar 2008 og for ein periode på 3 år.
2. Kostnader med prosjektet, årleg kr 800 000, vert fordelt mellom kommunane slik:

3. Kommune	4. Innbyggjarar	5. Kostnad
6. Flå	7. 989	8. 67748
9. Nes	10. 3456	11. 136962
12. Gol	13. 4435	14. 164428
15. Hemsedal	16. 1963	17. 95074
18. Ål	19. 4642	20. 170237
21. Hol	22. 4475	23. 165551
24. SUM	25. 19960	26. 800000

3. Kommunen sine årlege kostnader, stor kr 170.237, vert innarbeid i det kommunale gebyrregulativet / budsjett frå og med 2008.
4. Kommunestyret ber om at det årleg vert levert rapport frå prosjektet til den enkelte kommune.
5. Evaluering av det 3-årige prosjektet skal evaluerast og leggjast fram for kommunestyra i juni 2010.

Saksnr. 86/07

ØKONOMIPLAN 2008 – 2011 MED ÅRSBUDSJETT 2008

Rådmannen si innstilling:

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Vedtak:

STNR ynskjer å prioritere vegvedlikehald og vedlikehald av kommunale bygg og ser på dette som investering. STNR ber administrasjonen vurdere inntektsgrunnlaget t.d. betalingssatsar (planhandsaming og byggesak) og tomteprisar (industritomter). STNR ber om at naudsynt opprydding på Rota vert prioritert.